

# Visitaforedrag

Varhaug, 17.-21. november 2021

## Innleiing

Det er mykje himmel, mykje ver og mykje god jord på Varhaug, «Vigrest» og gardane omkring.

I Bibelen såg dei Gud i veret og på himmelen. Ps 148: *Lovsyng Herren frå jorda eld og hagl, snø og skodd, stormvind som set hans ord i verk.* Me ser nok heller til yr.no enn til soknepresten for å få vermeldinga, men gjenklang for kjensla av å ha noko stort spent over oss høyrer me. Og me trenga eit godt feste i jorda og få kraft når det bles. Feste og kraft finn me i Bibelen, trua og kyrkja.

Toget og trafikken fær fort langs Jærkysten, men det er godt å stansa på Varhaug og Vigrestad og bli kjent med livet her. Denne veka har bygdene opna seg for oss. Me har møtt idrettslag, skular og kyrkjelyd. Me har helst på ordførar og kommuneleiing og dei som bur i Klokkarhagen. Me har vore på Spød og Drøs, høyrte gode refleksjonar i sokneråd og fellesråd og vore med når leiarar frå forsamlingane her har samla seg for å be. Torsdag kveld romma kyrkja eit djup av levd liv, eller ein høg himmel, med jærkultur, lått og tru.

## Kyrkje og samfunn

Ein bispevisitas opnar lokalsamfunn. Eg har for fyrste gong vore på treningscenter, og det var like inspirerende som å vera på leiarseminar, eit fellesskapstiltak eller ein bibeltime om nestekjærleik. Det er kjærleik i 10 000 timar dugnadsarbeid for å bygga idrettsanlegg på Vigrestad. Det er å svara på ei livsoppgåve å bygga fellesskap for barn, unge og vaksne i eit idrettslag. Det sit gode krefter i veggane på dei flotte nybygga og me blir imponert av å høyra om deltaking, dugnad og verdier som gjer bygdene til gode stader å leva.

Me har også møtt gode blick på Klokkarhagen, der det finst omsorg for dei som igjen treng nokon rundt seg for å klara kvardagen. Me har møtt skular som legg godt til rette for at elevane skal få møta kristne tradisjonar og verdier og læra seg å handtera mangfaldet i samfunnet. I skulen møttest heile samfunnet. Me ser at skulane her er godt rusta for å møta det mangfaldet me har i dag utan å rykka opp røtene. Elevane får sjanse til å ta vare på eigen identitet og læra seg å møta det og dei som er annleis.

Hå kommune kjenner kyrkja godt og vil ho vel. Kommunen legg godt til rette for frivillige lag og organisasjonar. Leiarar, tilsette og frivillige står saman for å gjera kommunen til ein god stad å leva og får til mykje. Kyrkjer, kyrkjegardar og kyrkjekontor er i god stand. Kyrkja har nok tilsette til å fylla si rolle og utløysa frivillig innsats, men kan få til meir med fleire ressursar i form av økonomi og folk, frivillige eller løna.

Ein klarer lyfta ennå meir viss ein gjer det saman.

### Diakoni

Kyrkja har ei viktig rolle i møte med sorg og kriser. Gjennom kontakten med menneske i sorg ser me mykje av det gode som finst mellom menneske og set lyset på gode minner og samhald. Me peikar på håp og set ord på mørket og det meiningslause og vonde i kor sårbart livet er. Forteljinga om Jesus bér og speglar både lys og mørke.

Kyrkja på Varhaug har eit flott og systematisk arbeid for å følgja opp dei som er i sorg. Diakoniarbeidaren tek kontakt med alle, med tilbod om samtalar eller sorggrupper. Førehandsmeldinga teiknar også opp ønske om å utvida det diakonale arbeidet og skapa fellesskap for fleire grupper.

Tru og kjærleik heng saman. For mange er det lettare å tru når budskapen går frå ord til omsorg. Dette er eit godt område for kyrkjeutvikling. Diakonien handlar ikkje bare om å finna menneske som treng oss og hjelpa andre, men like mykje å skapa fellesskap der me kan støtta og hjelpa kvarandre.

Leiarane for kyrkjelyden fortel om ein kyrkjelyd som møter stor tillit blant folk, inkluderer breitt og har syn for godt samarbeid med kommunen og andre lag og organisasjonar. Dette er ikkje bare god strategi, men god teologi, sidan kjærleiken frå Gud aldri har hatt planar om å stoppa innafor kyrkjeveggen. Jesus og jærbruar har noko saman i å lika at gode intensjonar blir til praktisk handling.

### Barn, unge og trusopplæring

Trusopplæringa er ei anna hovudsatsing i soknet. Kyrkjelyden har eigen barne- og familieprest, sundagsskule, dansegruppe, samlingar om bibelforteljingar, klassiske trusopplæringstiltak, tweens-tilbod til mellomtrinnet og BiPiKi – Bibel, pizza og kino. Det minner om ting me høyrer om i Det nye testamentet: Mat, forteljingar og fellesskap saman. Det er god oppslutning om desse tiltaka.

Trusopplæringsarbeidet i kyrkja er blitt eit etablert satsingsområde. Kyrkja når breiare ut gjennom dette. Fleire av dei døypte får jamleg kontakt med kyrkja mellom i åra mellom dåp og konfirmasjon. Det gjev også familiane deira nye møtepunkt med kyrkja.

Dette kan me gle oss over, men arbeidet har framleis ikkje sett seg så godt at det går av seg sjølv. Noko av det viktigaste dei tilsette arbeider med er å kopla oppgåver i trusopplæringa saman med folk. Ein vil invitera fleire til å møta alle dei døypte når dei blir større, og kan la dei skjønna meir av kva det betyr å vera døypt.

I soknerådet kom dette svaret, då me spurte om gleder og utfordringar: «Det er gildt å vera frivillig og vera med i kyrkjelyden. Me går saman og treffest heile vegen. Me blir fort glade i kvarandre, har låg terskel og synest det er herleg med dåpsfolk, konfirmantar og andre som kjem til kyrkjelyden.»

Dette er opplevingar fleire gjerne kan få del i.

#### Inkluderande kyrkje

Mange veit at det er nokre av dei mest aktive misjonshusa i landet på Varhaug og Vigrestad. Her er det også gode tilbod om gudstenester, møter og samlingar for barn, unge og vaksne. Når kyrkja er plassert på Odland er det ikkje så rart at mange ønsker eit tilbod i nærmiljøet.

Det fine med ei kyrkje midt mellom bygdene er at ho høyrer til heile soknet. De er heldige som har ei vakker kyrkje, i god stand. Ho er ei flott ramme rundt gudstenester og kyrkjelege handlingar, men ikkje like godt eigna til tiltak der ein treng å bevega seg meir i rommet.

Her har misjonshusa og forsamlinga møtt eit behov. Festsalen på kyrkjekontoret på Varhaug kan også samla mange. Det er fantastisk at idrettslaga også er rause med å opna sine lokale for kyrkja. For å utvikla kvardagskyrkja er det viktig å spørja kva som passar best i kyrkehuset og kva som vil vera betre til å få til i andre lokale.

Dei siste åra har også fleire meldt seg ut av Den norske kyrkja. Kyrkja har offisielt opna for fleire syn på samlivsspørsmål og rommar eit breiare spenn av teologiske tradisjonar. Nokre av organisasjonane held på meir tradisjonelle svar.

Me er trygge på at kyrkja er brei nok til å romma ulike bibelsyn og ulike meiningar i fleire teologiske spørsmål. Oftast er det best å møta ulike meiningar gjennom gode samtalar og gjensidig respekt, også for dei som synest det blir rett å melda seg ut.

Det er heilt sikkert at både evangeliet og kallet til å leva i trua gjeld både på misjonshuset, i kyrkja og for alle menneske. Det gjev oss mykje å stå saman om, og kyrkjelyden på Varhaug treng frå si side ikkje lukka dørene til samarbeid med nokon – eller pressa nokon til å gå inn på ting dei ikkje ynskjer. Det var flott å vera med på bønnesamling for leiarar i ulike forsamlingar. Når me ber er det ingen forskjell på biskop, bygdefolk og bedehus.

Det er dei same reglar som gjeld for samarbeid mellom kyrkje og misjonshus og kyrkje og idrettslag som også skapar gode relasjonar mellom menneske generelt. Det har vore flott å sjå mange teikn på god kontakt på kryss og tvers i bygdene på denne visitasen.

Ikkje minst var det flott å merka gjenkjenning, lått og ettertanke då Sjur Håland og General Forsamling stilte med seg sjølv omgjevne av kyrkjeveggane på torsdag. Me reiste frå Jerusalem til Odland i ord og tonar, via andredagsfest på misjonshuset, ekte kjensler og mange songar som like gjerne kunne kallast bøn. Ein ting er å seia at kyrkja har plass for alt livet rommar, ein annan ting er å oppleva det. Me treng eit trusspråk som viser livet som det er og ei evangelieforståing som gjer at folk *ser* at i «huset til Far min er det mange rom». Poenget med Sakkeus-forteljinga er ikkje at ein vaksen mann klatra i eit tre, men at Jesus gjorde ære på nokon ingen venta skulle få vera med.

### Gudsteneste

Kulturarrangement og konsertar opnar kyrkja for fleire enn dei som har gudsteneste i kropp, hjarte og vanar. Kulturelle kyrkjjetiltak, pilegrimsvandringar og diakoni utvidar trusspråket.

Men den kyrkjelege verksemda har eit hjarta, ein puls. Me har ei utfordring i at dei som er yngre ikkje har gudstenesta like integrert som dei som kjenner salmar, forstår kyrkjjespråk og har djup klangbotn for sakramenta.

Kjærleiken til og forståinga for gudstenesta må me bygga, gjennom trusopplæring og gode møte. Alle medlemmar i kyrkja skal kunna ta del i gudstenesta, ved dåp, konfirmasjon og trusopplæring.

Denne kyrkjelyden har eit flott gudstenestearbeid, med mykje god involvering, godt fellesskap i kyrkjebenkane og mange fine tradisjonar i løpet av året. Kyrkjelyden syng og gler seg over å møtast, og det er mange som får oppleva at det gjev ein rikdom til liv og tru å setja av tid på sundagen til å møta kvarandre og han som gjev oss livet.

Så kan ein vurderer og kanskje prøva ut om nokre familiegudstenester kan flyttast til andre lokale, viss det gjer det enklare å involvera barn og unge, variera formidlinga eller kombinera gudstenesta med andre tiltak. Målet må vera å samla generasjonane frå begge bygdene til gudsteneste i hjarta av soknet i kyrkja. I kyrkjelyden ser me trufast, godt og kreativt arbeid for å kunne vera kyrkje for alle som høyrer til her.

### Avslutning

Me visste frå før at det var god oppslutning og tydelege kristne tradisjonar på Varhaug. No har me sett det. Det som har slått oss er kor sterkt folkekyrkja står. Her er det mange som er glade i kyrkja si og kyrkja når breitt ut i lokalsamfunnet. Veggene gjev eit ekko av heilagt nærvær når Sjur Håland snakkar om ei inkluderande kyrkje, som dei også gjer når prestane lyser velsigninga.

Folkekyrkje på sitt beste er nåde i praksis. Det er felles for alle kristne tradisjonar at me elsker nåde! Me elsker når det er plass for alminnelege folk i kyrkja, anten dei er store eller små, kan truvedkjenninga på rams eller kjem med tvilsvedkjenning og spørsmål, har liv som er lette å visa på Facebook eller ber på mykje det er vanskeleg å dela.

Det kan vera både hardt og godt å stå i vinden, og mykje himmel kan gje både rikeleg med sol og vassrett regn. Kyrkjelydsarbeidet har eigenverdi som fellesskapsbygging, omsorgsarbeid og kulturverksemd, men aller mest skin kyrkja når ho får vist at Jesus ikkje bare er i Bibelen, han er også her hjå oss og elsker alle som bur på Varhaug, Vigrestad og i soknet elles.

Guds signing over menneske, teneste og liv i Varhaug sokn!

Biskop Anne Lise Ådnøy